

Frå sidelina...

OBSTRUKSJON. Mange utanlandske ord og vendingar har etter kvart kome inn i fotballspelet. Ikkje alle er like lette å uttale. Under ein VRF-kamp på Dalemyra, vart Jostein Linga liggjande rett ut etter å ha blitt brutalt stoppa av ein motspelar. Då kom det høglydt frå ein eldre velledaling mellom tilskodarane:

-Dommar, obduksjon på nå Linga!

E DU TULN? Under ein fotballkamp som VRF spela mot Spjelkavik på 80-talet (1984), støyte Atle Hole saman med ein spjelkavikspelar. Det viste seg at han sleit framre korsband i venstre kne. Under store smerter vart han varsamt lagt inn i stasjonsvogna til Johan «Bolla» Grebstad og køyrd til lækjar og seinare sjukehus. Under bortfraktinga vende ein av spjelkaviktalskodarane seg til sidemannen og spurde:

-Kor blir han frakta hen, er det til Stranda?

Pensjonert VRF-målmann hørde spørsmålet og svara kontant:

-E du tuln mannj, då fær øss hånå aldre atte!

Kjetil Pål Brunstad